

Djønne&Børsheim m/gjester

Folkemusikarane Annelaug Børsheim og Rannveig Djønne, båe frå Hardanger, har eksistert som duo i snart ti år. Dei har turnert i både inn og - utland, og har spelt fleire hundre konsertar saman på ulike scener.



Foto: Jarle H. Moe

Børsheim på hardingfele, vokal og gitar har vakse opp i den solide folkemusikktradisjonen frå Hardanger, men har skapt sitt eige uttrykk og henta inspirasjon frå mellom anna dei britiske øyer. Djønne på durspel har skapt sitt eige uttrykk ved å reisa heim att til Hardanger og henta inspirasjon frå hardingfeleslåttar. Ein stad midt i mellom har desse to funne kvarandre både i lynne, som komponistar og som utøvarar. Dei skapar ny musikk og tekst i både tradisjonelle og nye former.

Deira fyrste duoplate kom i 2012, og fekk strålande meldingar både i Noreg, Tyskland og Storbritannia. Den heiter “Toras Dans – Populærmusikk frå Hardanger”.

På konserten i Kvemmadokkje har dei med seg Eli Børsheim Kvåle som dansar, spelar og syng og dansaren Torkjell Lunde Børsheim, begge frå Ulvik. Dei er mellom dei fremste aktørane i folkedans i regionen vår.



Foto: Annbjørg M. Bergwitz